

MERKNADSSKJEMA - FORSLAGSSTILLERS KOMMENTARER TIL MERKNADER OG UTTALELSER - HØRING

Plannavn	Eikhovden
Arealplan-ID	1263 201511
Saksnummer	15/2610
Utarbeidet av	Ard arealplan as
Datert/Revidert	20.1.2017

	Avsendar	Hovudpunkt i merknad	Kommentar frå forslagsstillar
1	Randi Helen Stall Osmundsen i e-post av 07.11.2016	1. Osmundsen etterlyser ei løysing på korleis mjuke trafikantar som kjem frå Ørnova skal trygt krysse vegen og komme seg inn på fortau. Ynskjer at det tenkast gjennom om dette kan løysast ved t.d. opphøgd fortau, undergang, lysregulering eller liknande.	1. Ørnova ligg utanfor planområdet og borna som kjem inn på Eidavegen heilt nede ved runkøyvinga. Her bør det etablerast ein trygg måte for mjuke trafikantar å krysse vegen på. Dette ligg utanfor det ein detaljreguleringsplan kan bestemme.
2	Statens vegvesen (SVV) i brev av 03.10.2016	1. SVV meiner at framlegget om rekkjefølgjekrav får Rådmannen om opparbeiding av gang- og sykkelvegen mellom Ostereidet sentrum og Ostereidet skule ikkje sikrar gjennomføring av tiltaket på ein tilfredsstillande møte og til rett tid. Rekkjefølgjekravet er heller ikkje innarbeidd i framlegget til reguleringsføresegnene som er del av planframlegget SVV ber om at dette forholdet vert teke opp til ny drøfting slik at ein kan kome fram til ei løysing med eit rekkjefølgjekrav som er tilfredsstillande for alle partar.	1. Rekkjefølgjekrav om gang- og sykkelveg mellom Ostereidet sentrum og Ostereidet skule vert for stor for at utbygginga, som denne reguleringsplanen legg til rette for, klarar å handtere det. Utbygginga som er lagt opp til i denne reguleringsplanen utgjer ein liten del av den samla utbygginga på Ostereidet og bidrar med utviding av Eidavegen og trafikkisikring frå utbyggingsområdet og fram til eksisterande fortau knytt til Ostereidet skule. Det vart halde dialogmøte mellom Lindås kommune, Statens vegvesen og Fylkesmannen den 12.12.2016. Sjå samordna uttale med møtereferat i sin heilskap (vedlegg), oppsummering og svar på den samordna uttalen (punkt. 7, under).
3	Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) i brev av 12.10.2016	1. NVE har ingen merknader til planframlegget	1. Teke til etterretning
4	BKK Nett AS i brev av 24.10.2016	BKK gjer merksam på at det i planområdet må takast høgde for dei anlegg som det er naudsynt for BKK å etablere og drifte. 1. Felles for elektriske anlegg: 1.1. Det må ikkje gjerast tiltak som forringar adkomst til anlegg	1. Teke til etterretning 2. Teke til etterretning 3. Teke til etterretning

		<p>eller inngrep i terreng om endrar overdekning til kablar eller høgde til luftleidningsanlegg</p> <ol style="list-style-type: none"> 1.2. Spenningsnivå for leidningsanlegg må ikkje påførast i planen. Parallele ledningar som går i same trasè skal teiknas som ein leidning. Høgspenteleidningar under bakken teiknast ikkje inn på kartet. 1.3. Ein må avklare korleis forsyne nye bygningar med straum før utbygging. <ol style="list-style-type: none"> 2. Anlegg etablert etter områdekonsesjon: <ol style="list-style-type: none"> 2.1. Det må takast omsyn til høgspenningsluftleidningar innanfor planområdet. 2.2. Det må takast omsyn til høgspenningskablar som ligg i eller inntil planområdet 2.3. Det må vurderast plass til ny nettstasjon i området. Eksisterande nettstasjon/masetrafo vil mest truleg ikkje ha nok kapasitet til å forsyne ny og eksisterande bebyggelse. Det må takast omsyn til eksisterande nettstasjon/mastetrafo innanfor planområdet. BKK minner òg om avstandskrav for nye nettsasjonar. 3. Andre forhold: BKK ynskjer å verte kontakta i god tid før utbygging, for å planlegge nye anlegg og angi kor dei ynskjer at utbyggarar skal grave kabelgrøfter inn til bygningar/eventuelle grønne til 22 kv og eventuelle fundament til ny nettstasjon. 	
5	NGIR i brev av 4.11.2016	<ol style="list-style-type: none"> 1. Det er viktig at tilstrekkeleg areal vert sett av til hentestad for avfallsdunkar. 2. Det er viktig at tilkomstveg til hentestaden har tilstrekkeleg breidd og toler tilstrekkeleg akseltrykk for renovasjonsbil. Hentestaden bør liggje plant og ein bør kunne snu ved hentestaden med renovasjonsbil, eventuelt legge opp til gjennomkøyringsveg. 3. Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestaden. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Det er satt av tilstrekkeleg areal til hentestad for avfallsdunkar 2. Tilkomst til hentestadene er har dei kvalitetane NGIR ber om 3. Ein av leikeplassane (f_BLK2) ligg like ved ein hentestad (f_BKT2), men det er ikkje naudsynt å snu her. Snuhammar er plassert lenger inn i vegen. Ei anna leikeplass (f_BLK1) ligg like ved snuhammar for tilkomst til dei nordvestlegaste delane av planområdet inkludert f_BKT1. Dette er problematisert i planframlegget og ein har satt krav om gjerde rundt f_BLK1. I tillegg ser ein føre seg at ein renovasjonsbil vil køyre med fronten inn i snuhammar for så å ryggje bak mot f_BKT1 for henting av avfall. Soleis vert det ikkje rygging i retning av leikeplassen.
6	Hordaland fylkeskommune i e-post av 02.11.2016	Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget. HFK ber likevel om at følgjande vert innarbeidd i planforslaget:	<ol style="list-style-type: none"> 1. Rekkjefølgjekrav om gang- og sykkelveg mellom Ostereidet sentrum og Ostereidet skule vert for stor for at utbygginga, som denne reguleringsplanen legg

		<ol style="list-style-type: none"> 1. HFK saknar vidare tilrettelegging med fortau fram til daglegvarebutikkar og andre tenester sentralt på Ostereidet. HFK kan ikkje sjå at føresegn 2.7 i kommuneplanen sin arealdel er/vert oppfylt med pågåande planarbeid i området. HFK ber om at omsynet til mjuke trafikantar inngår som drøftingsteam i ROS-analysen for den einskilde plan og planarbeid i området vert satt i samanheng. 2. Det går ein mykje brukt sti gjennom planområdet frå skulen til naturområdet nord for planområdet. Fyrste og siste strekket er sikra som offentleg turveg, men det midterst stykke er regulert som felles føremål, noko HFK meiner at ikkje sikrar ålmenta si tilgang. HFK ber om at turvegen vert regulert som offentleg turveg i heile strekket innanfor planområdet. 3. HFK saknar ei analyse av kva som er totalbehovet for nye bustadar i kommunen basert på folkeveksten. HFK ber om pågåande planarbeid på Ostereidet vert sett i samanheng når det gjeld behovet for nye bustadar. Den einskilde plan bør synleggjere kva som vert konsekvensane av etableringa av eit tal nye bustader, både for dette og andre stader i kommune. Særleg er dette relevant i drøfte korleis det vil påverke satsinga på Knarvik som regionsenter. 	<p>til rette for, klarar å handtere det. Utbygginga som er lagt opp til i denne reguleringsplanen utgjer ein liten del av den samla utbygginga på Ostereidet og bidrar med utviding av Eidavegen og trafikksikring frå utbyggingsområdet og fram til eksisterande fortau knytt til Ostereidet skule.</p> <p>Det vart halde dialogmøte mellom Lindås kommune, Statens vegvesen og Fylkesmannen den 12.12.2016. Sjå samordna uttale med møtereferat i sin heilskap (vedlegg), oppsummering og svar på den samordna uttalen (under).</p> <ol style="list-style-type: none"> 2. f_GT2 er endra til GT2 3. Ostereidet er definert som senterområde i gjeldande kommuneplan for Lindås kommune. Analysen HFK saknar høyrer heime i ein eige bustadplan for kommunen eller i ei anna overordna plan.
7.	Fylkesmannen i Hordaland, Samordna uttale, i e-post av 11.01.2017	<ol style="list-style-type: none"> 1. SVV - Dialogpunkt Framlegg til rekkjefølgjekrav frå Rådmannen om opparbeiding av gang- og sykkelvegen mellom Ostereidet senter og Ostereidet skule sikrar ikkje gjennomføring av tiltaket på ein tilfredsstillande måte og til rett tid. Rekkjefølgjekravet er ikkje innarbeidd i framlegget til reguleringsføresegner som er del av planframlegget. 2. Fylkesmannen - Dialogpunkt <ul style="list-style-type: none"> - Fylkesmannen finn det uheldig at rekkjefølgjekravet ikkje vert satt i tråd med gjeldande kommuneplan. - Manglande gang samband til Ostereidet sentrum er ikkje vurdert. Det må difor utgreiast nærare i ROS-analysen. - Etablering av gang- og sykkelveg bør sjåast i samanheng med pågåande planarbeid med om-rådereguleringsplanen for Ostereidet sentrum. Fylkesmannen har ikkje kompetanse til å avgjere korleis kommunen gjennomfører utbygginga, men meiner kravet om opparbeiding av gang- og sykkelveg må vidareførast i reguleringsplan, slik at bustadene ikkje kan takast i bruk før dette tiltaket er opparbeidd. - Fylkesmannen er noko kritisk til om føresegna om terrengtilpassing (§§ 1.2.1 og 1.2.3) lar seg gjennomføre i praksis slik plankartet er utforma. Spesielt gjeld kritikken BFS1-2 og BFS7-8 i tillegg til fylling i nordlegaste tomt innanfor BFS3. Etter 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Sjå svar under merknad frå Statens vegvesen 2. Sjå svar under merknad frå Statens vegvesen i høve til rekkjefølgjekrav på gang- og sykkelveg. Når det gjeld terrengtilpassing vil ein sjå vidare på dette i samband med Lindås kommune 3. Teke til etterretning

Fylkesmannen si meining vil tiltak innanfor desse areala kunne medføre skjemmande/uheldige terrengingrep som ikkje er godt innordna dei fysiske omgjevnadane. Fylkesmannen rår i utgangspunktet alltid til å unngå å bygge ut i utfordrande og bratt terreng.

3. Konklusjon

- Lindås kommune tok innspela til Fylkesmannen og Statens vegvesen til orientering og uttrykte forståing for at ein i den framtidige planlegginga og utbygginga omkring skule- og lokalsenteret må få dette på plass. Det vart gjort greie kva som er bygd ut allereie og korleis det vert arbeidd vidare for å finne løysingar. Kommunen reknar med at dette vil løyse seg når temaet no vert sett i samanheng med annan, pågåande planlegging i området.
- Lindås kommune gav uttrykk for at det er jobba mykje med landskapstilpassing i planen og at dette arbeidet vil halde fram. Fylkesmannen sine innspel vil elles verte tekne med i den vidare vurderinga.
- Det er ikkje trong for å fremje motsegn til denne planen no. Statens vegvesen og Fylkesmannen legg likevel til grunn at utbygginga ikkje endrar/forverrar situasjonen vesentleg og at det elles frå kommunen si side vil verte arbeidd vidare for å finne ei snarleg, trafiksikker gang- og sykkelløysing mellom skule-, bustad og sentermonråda.
- Fylkesmannen tilrår elles at landskapsinngrepa planen opnar for ved bygging av BFS1, 2, 7, 8 og nordlegaste tomt innanfor BFS3 vert vurdert på nytt.